



# TJEN FOLKET

★ medlemsblad for AKP(m-l) 

FEBRUAR 1977



## INNHold:

1. Dagsavisinnspurt.....	2
2. Melding om dagsaviskampanjen.....	3
3. 8. mars.....	4
4. 1. mai.....	6
5. Styrk partiøkonomien.....	8
6. Svar til Kari.....	10



**LEDER:**

# Innspurten i dags- aviskampanja tar til

Om lag 2/3 av målsettinga er nådd når det er 2 månader att til dagsavisa kjem. Vi må gjere den tida til *innsjurt* i kampanjen. Denne artikkelen vil stille to oppgåver for innsjurt. Den fyrste er å få verva alle *gamle vekeavisabonntentar* som dagsavisabonntentar snøgt. Den andre oppgåva er å dristig verve mange *nye* dagsavisabonntentar. Her må vi rette opp ein sekterisk stil med bare å verve årsabonnement og verve mange månads- og kvartalsabonntentar!

Alle lag må ha ein plan for korleis dei skal fylle målsettingane sine innan 1. april, slik at dagsavisa står på eit skikkeleg fundament når ho kjem ut. Det har vore framgong den siste tida i kampanjen. Arbeidet i dei fire siste månadene som har gått, tek til å gje resultat for alvor.

**Hald fast på den korrekte planen!**

Korrigeringa av den range lina med å leggje mest vekt på laussalet har ført til framgong for kampanjen. Derfor må vi i innsjurt i kampanjen halde fast på den korrekte planen som vart laga i starten av kampanjen. Når vi summerar opp stoda no, så står det att ein del av dei gamle vekeavisabonntentane som framleis ikkje er verva som dagsavisabonntentar. Desto snøggare dei vert verva, jo meir tid og kreftar kan vi kaste inn på den siste bolken av planen som er å verve ein god del *nye* abonntentar til dagsavisa. Det er ei viktig oppgåve å få dei noverande abonntentane på som dagsavisabonntentar. Mange av dei kan ha vore abonntentar i lang tid, sume står nær avisa. For dei er det viktig at dei kan lese avisa kvar dag og for avisa kan dei verte solide abonntentar som vil halde fast på avisa, sjølv om det tek til å blåse kring avisa. Mange av desse vil vere lette å få som dagsavisabonntentar berre dei vert oppsøkt og spurd. *Det må vere den fyrste oppgåva i innsjurt.*

**Vi må kvitte oss med sekterismen i vervinga**

Målsettinga vår er høgare enn talet på vekeavisabonntentar! Det vil seie at vi må verve ein god del

*nye* abonntentar. Mange av desse vil vi sikkert finne blant dei som kjøper avisa fast kvar veke, og i tillegg må vi verve folk som ikkje kjenner avisa frå før.

Dei fleste av oss har sikkert spurt dei som meir eller mindre kjøper avisa fast ein eller fleire gonger om dei ikkje skal abonnere på dagsavisa. Ofte vil dei ikkje «binde seg politisk», dei les ho ikkje så mykje, vil heller kjøpa ho nå og då. Blant desse vil det vere vanskeleg å få abonnement på eit år. Kor mange har prøvd å få dei til å teikne abonnement for ein månad? Sakl vi dømme etter kor mange månadsabonnement, eller kvartalsabonnement som er verva, er det ikkje mange. Ein veldig liten prosent av dei abonntentane som er verva til no, er månads- og kvartalsabonnement. Det er sjølv sagt bra at avisa får mange heilårs- og halvårsabonnement, men denne tendensen tyder og på at vi er sekteriske i vervinga. «Vil dei ikkje teikne heilårsabonnement, så kan det vere det same, desse folk er det ikkje von for.»

Vi må slå fast at vi ønskjer mange månadsabonnement, vi vil ha det avdi dette er folk som vi elles kanskje aldri ville få som abonntentar.

Månadsabonnement kan vere det fyrste steget til eit fast abonnement. Føremønen med månadsabonnement (framfor ikkje-abonnement!) er at lesaren får høve til å bli kjend med avisa. I den månaden får abonnenten prøve dagsavisa og verte vant til ho. Når vi kjem attende *før abonnementet går ut* må vi diskutere kva abonnenten meiner om avisa, om dei ikkje skal halde fram med abonnementet, kanskje eit som går over lengre tid. For mange som vaklar på om dei skal teikne abonnement eller ikkje må vi stri hardt for eit månadsabonnement som ein «prøve» på dagsavisa.

Vi må leggje stor vekt på å løyse motseiingane som folk har til å verte abonnent, å tilby eit stutt abonnement kan vere ein god metode på vegen.

#### **Mobiliser abonnentar til å verve abonnentar**

Vi må kome langt breiare ut med abonnementsvervinga. For det fyrste må vi vere dristig i vervinga og for det andre må vi utvide omlandet vårt.

Vervinga må kome framfor laussalet ved at vervematerialet alltid er framme og alle vert spurt om abonnement og diskutert med. Vi må ha innstillinga at kvar gong vi t.d. står framfor ei dør og skal ringe på, så skal vi verve eit nytt abonnement. Sjølv om vi ofte må fleire gonger på same dør for å få resultat, må tilbodet om abonnement kome fyrste gong og følgjast opp seinare.

Ein metode fleire har hatt gode røynsler med, er å mobilisere abonnentar til å ta eit par vervelister og verve folk dei kjenner, på det viset har dei fått to—tre abonnentar dei elles ikkje ville nådd. Ei sjølvsgd sak er at sirkeldeltakarar er med og verver, men vi må freista å få med langt fleire enn det. Det skal ikkje mykje reknkunst til for å skjønne at dette er ein bra metode som kan gje store utteljingar i talet på abonnement.

*Mange nye abonnentar nå vere den andre oppgåva i innspurten.*

#### **Vi må følgje opp dagsavisabonnetane**

I tidlegare kampanjer har det vore ein tendens til å tru at når ein vart verva som abonnent, så var abonnementet sikra for alltid. Dette synet har vore

skadeleg for avisa. Ved at vi ikkje har teke vare på abonnentane og følgd dei opp når abonnementet gjekk ut, har avisa tapt mange abonnentar. Dette er ein stil som vi må rette opp når dagsavisa kjem. Talet på abonnentar vil og ha meir å seie for dagsavisa, det vil vere spørsmålet om å overleve som dagsavis. Vi har ikkje «råd til å sløse med abonnentar.»

Med dristig verving, og ved å leggje vekt på at vi og skal verve mange månads- og kvartalsabonnementer, vil dette problemet dukke opp stutt tid etter at dagsavisa kjem. Alt 1. mai vil dei fyrste abonnentene gå ut. Alle som verver abonnentar, må oppsøkje dei som dei har verva, og følgje dei opp så dei held fram med å abbonera. Dette arbeidet vil vere ein viktig del av arbeidet med dagsavisa etter 1. april. Målsettinga no til 1. april er å sikre at dagsavisa får ein start. Etter 1. april kjem arbeidet med å sikre at dagsavisa held fram.

#### **Legg plan for innspurten**

Skal vi nå målet må vi arbeide medvetent etter ein plan i dei to innspurtsmånadene. Sumer opp kor vi står i høve til kampanje-direktivet (sjå blant anna leiaren i TF/januar) og legg ein plan etter det direktivet med vekt på dei to oppgåvene som er lagd fram her. Set målsettingar for kvar einiskild med fristar på kven dei skal verve. Legg eit godt grunnlag for Klassekampen som dagsavis.

Redaksjonen



# **DAGSAVISKAMPANJEN**

#### **MELDING OM DAGSAVISKAMPANJEN:**

**Frå 1. februar er prisen på kvartal og månadsabonnement set til kr. 100 og kr. 34 i same følgd. Det vil seie at tillegget på kr. 10 og kr.20 er teke burt. Vi skal nytta dei same vervelistene som før. Den som vervar må sjølve hugse på dei nye prisane når dei tek imot betaling for kvartal og månadsabonnement. For dei som betaler over postgiro vil distribusjonen halde greie på prisane.**

Redaksjonen

# Massemobilisering til 8 mars

## KVA MALSETTING MA VI HA FOR 8. MARS I AR?

Kameratar som har ansvar for arbeidet blant skolejenter i ein stor by stilte seg målet å opprette 8. mars-grupper på dei skolane der RU har jenter. Malsettinga for desse gruppene skulle vera å vinne attende ein del av dei unge jentene som revisjonistane fekk med seg i fjor. Er dette ei malsetting vi kan si oss nøgd med? NEI.

Revisjonistane hadde alt for store tog ifjor (i ein stor by var dei større enn kamptøget). Materialet til diskusjonen om kvinnespørsmålet peiker på at revisjonistane har eit visst massegrunnlag blant progressive kvinner. Kan vi si oss nøgd med å vinne ein liten del av desse massane for ei rett linje?

Var malsetting ma vera å slå ut revisjonistane på gata 8. mars, vi må rive av dei «den progressive maska» i kvinnemassane — bade mellom dei som støtta revisjonist-toga i fjor og dei tusenvis av andre kvinner som har gått ut i kamp det siste året.

I dei største byane (og kanskje nokre plassar til) blir det to tog på 8. mars. Skal vi vera redde for det? Syns vi det er «tragisk» og «vanskelig» å slåss for klassekamptoga 1. mai fordi det går eitt eller fleire tog til? To tog på kvinnedagen er eit uttrykk for at dei to linjene i kvinnerørsla er stilt skarpt mot kvarandre. Det er ein utmerka situasjon som vi skal bruke til å mobilisere massane for ei rett linje og mot den revisjonistiske «sabotasje og fredslinja».

## VAR LINJE ER ELLINJE FOR A VINNE MASSANE

Var linje for 8. mars er lagt opp ut frå stoda i kvinnekampen og for a vinne massane for kamp-linja. Med dette utgangspunktet står vi plattformar til 8. mars-komiteane og linja med a organisere breie, uavhengige massekomitear. Korleis skal vi vurdere om dette er ei rett linje?

Mao seier i «Noen spørsmål vedrørende metodene for ledelse»: «I alt det praktiske arbeidet partiet vart gjort, er 'fra massene, til massene' nødvendigvis den riktige formen for ledelse. Dette betyr: Ta massenes ideer (spredte og usystematiske ideer) og konsentrer dem (forvandle dem gjennom studier til sammenfattede og systematiske ideer), ga deretter ut til massene og propager og forklar disse ideene inntil massene griper dem som sine egne,

holder fast ved dem og omsetter dem i handling og prøver riktigheten av dem gjennom handling. Sammenfatt deretter på nytt ideer fra massene og gå på nytt ut til massene, slik at de holder fast ved ideene og gjennomfører dem. Og videre på denne måten, om og om igjen i en endeløs spiral der ideene blir riktigere, mer levende og rikere for hver gang. Slik er den marxistiske kunnskapsteorien.»

Det er usemje om paroleplattforma i partiet. Når kameratane reiser usemje om linja — er det då resultat av at desse kameratane har prøvd linja i massearbeid? Har desse kameratane diskutert plattformar med aktivistane i Dagheimsaksjonen? Eller med nokre av dei gymnasiastane som gjekk i «Brød og Roser» sitt tog i fjor? Vi trur ikkje at dei har det. Er det slik at massane straks tenkjer på MPLA når dei høyrer parola «Solidaritet med frigjeringsrørslene»? Eller er det slik at våre kameratar er redde for å slåss med revisjonistane, ikkje lit på partilinja og ikkje trur at massane kan sjå skilnadene på MPLA og PAC?

## IMPERIALISME-PAROLANE

Vi meiner mykje av usemja om 8. mars-grunnlaget er uttrykk for at våre kameratar er påverka av den revisjonistiske kvinnelinja, er redde for konfrontasjon og ikkje trur at vi har ei rett linje som massane kan gripe og gjera til si linje.

Nokre kameratar ønsker å ta vekk eller tone ned dei spørsmåla det står strid om, så som kampen mot imperialismen, kampen i Chile. Desse kameratane ønsker seg attende til «den store einskapen i kvinnerørsla» — då ein kunne mobilisere til KVINNETOG og «slapp» å diskutere linja. Desse kameratane ser kampen om linja som eit trugsmål mot kvinnekampen i staden for å sjå at linja er liv eller død for kvinnekampen.

Andre kameratar leiter etter dei «vitskapleg korrekte parolane». Dei seier «Chile kan ikkje vera hovudparole, for 'brennpunktet' i kampen mot imperialismen og fascismen står ikkje der». Eller «Kampen mot all imperialismen er ei høgparole, vi må ha hovudparole mot dei to supermaktene». Kameratar, det kan ikkje vera slik at plattformar for 1. mai er den «einaste rette» plattformar, at vi ikkje

kan mobilisere til demonstrasjon på noka anna plattform. Vi kan ikkje vera så «prinsipielle» at vi ikkje analyserer den konkrete situasjonen vi står i.

Parolane «Kamp mot all imperialism», «Solidaritet med frigjeringsrørslene» og «Støtt det chilenske folket sin kamp mot fascismen er riktige parolar. Det finst ei masserørse til støtte for Chile, for frigjeringsrørslene. Dei revisjonistiske leiarane svik denne kampen — skal vi, eller skal vi ikkje brennemerke dei for det? Toril Skard held fast på hetsen mot Mexico-konferansen, der kvinnene frå den 3. verda slo fast at utan kamp mot imperialismen vert det inga frigjering av kvinnene. Revisjonist-toget i Trondheim har offentleggjort si plattform — den einaste «internasjonale» parola der er «støtt kampen for kvinnefrigjering i alle land»!

For å marsjere i takt må vi bli samde om den politiske linja for 8. mars. Prøven på linja finn vi i massemobiliseringa. Vi har nå avdelingsmøter om 8. mars bak oss, og vi må løyse dei motseiingane som framleis står att. Men nå treng vi ikkje først og fremst mange fleire diskusjonar «på kammerset», der vi lagar motseiingar på «vegne av massane». Vi treng å kome oss ut til massane og mobilisere MANGE til å slåss for den rette linja og det rette toget. *Hovedproblemet i 8. mars-arbeidet er nå at mange kamerater bruker all tid på å diskutere problemer de sjøl konstruerer i stedet for å bruke tida si til å mobilisere massene, som ikkje har disse problemene som våre kamerater er så opptatt av*

#### ORGANISERINGA AV 8. MARS-ARBEIDET

Det fins ei linje for at dei lokale 8. mars-gruppene skal opprettast på grunnlag av *ei* parole og ikkje ta

stilling til heile plattform. Dette er ei høgrelinje. Tenk dette i praksis: Vi oppretter ei 8. mars-gruppe på ei lokal dagheimsparole og mobiliserer massevis av folk til å stø ho — MEN så har vi «glømt» å fortelje alle desse folkå at det går *to* tog 8. mars, og vi har ikkje diskutert kvifor det eine er progressivt og det andre ikkje. Altså ei linje for at vi mobiliserer folk til revisjonistane sine tog.

Sjølvsagt skal vi ikkje krevja at folk må ta stilling for alle hovudparolane for å få ga i toget eller vera med i 8. mars-gruppene. Vår linje er å mobilisere folk for eigne krav og lokale kampsaker, og vi skal vera særst vakne for tendensar til å prioritere ned dei lokale parolane. Men 8. mars-gruppene må ta stilling til kva for ei linje dei stør og kva for eit tog dei skal mobilisere til. Og så må gruppene gå ut og mobilisere til *dette* toget. Og hva er til hinder for at 8. mars-gruppene skal kunne mobilisere på grunnlag av *flere* paroler?

#### 8. MARS ER EI OPPGAVE FOR ALLE PARTIMEDLEMMAR

Det står viktige kampar om kva som er ei rett linje i kvinnekampen. Utan partiet i leiinga kan ikkje kvinnekampen drivast i rett lei. Men kampen om linja står ikkje berre i kvinneorganisasjonane eller berre mellom kvinnene. Også på «mannsarbeidsplassar» utan ei einaste kvinne står denne kampen — og også her er 8. mars-mobiliseringa ei viktig oppgave.

*Red.*

# Mot revisjonisme og høyresekterisme i diskusjonene om 1. mai-parolene

**Hovedgrunnlaget for Faglig 1. mai-front har nå blitt diskutert rundt om i laga, i første rekke ut ifra de hovedparolene for toget som har blitt lagt fram i Klassekampen av initiativkomiteen for Faglig 1. mai-front i Oslo. Denne diskusjonen er viktig og nyttig, for uten å ta opp det politiske grunnlaget for 1. mai-mobiliseringa vil mobiliseringsarbeidet få et ensidig, praktisistisk utgangspunkt. Men samtidig er det ut ifra endel rapporter som har kommet grunn til å advare mot både høyresekterisme og annen revisjonisme i denne parolediskusjonen.**

Først en positiv ting. I mange lag har det vært reist kritikk mot parola 'Støtt kamerater har pekt på at den nærmest virker 'humanitær', den tar ikke opp den nasjonale undertrykkelsen direkte og blir derfor en dårlig veiledning for kampen. Sjøl om intensjonen med parola har vært å peke på at raseringa av beiteområder, oppenningsprosjekter osv. raserer samefolkets livsgrunnlag så gir den en feilaktig formulering av kampen mot dette. Vi bør ikke minst legge vekt på at tilsvarende synspunktet også har kommet fra samiske kamerater. Denne kritikken er reist i Arbeidsutvalget for Faglig 1. mai-front i Oslo, som i midten av januar vedtok å endre parola til «støtt samenes kamp mot nasjonal undertrykking». Når dette er sagt skal det legges til at det også har kommet fram feilaktig, revisjonistisk kritikk av denne parola, f.eks. at det er unødvendig å ha den som hovedparole, at spørsmålet kanskje er viktig i Finnmark, men ikke i resten av landet osv. Sânt prat er et uttrykk for norsk sjåvinisme, for manglende forståelse for det nasjonale spørsmål og den proletariske internasjonalsmen.

Endel av den kritikken som har vært reist mot andre paroler har stort sett vært preget av revisjonistisk tenkning. Jeg skal ta tre eksempler:

— *Svalbard er norsk land, avvis Sovjets press!* Endel kamerater er skeptisk til denne parolen, lurer på om den er 'nasjonalistisk', om den er 'så viktig' osv. Sannheten er at de står for et trotskistisk-revisjonistisk avvik i det nasjonale spørsmål og Svalbardsaka. Svalbard har aldri vært noen norsk koloni, f.eks. som 'spansk' Sahara eller Grønland under Danmark. Norske fangstfolk tok øya i bruk og historisk er den like mye en del av Norge som Andøya. At Versailles-avtalen førte til en Svalbard-traktat der imperialiststatene pressa seg til endel økonomiske rettigheter endrer ikke en tøddel på dette. Det samme gjelder Sovjets tradisjonelle gruve drift. I andre deler av Norge finnes det også utenlandkse konserner og selskaper, men ingen ville våge å påstå at områdene der de driver til er ingenmannsland eller ikke-norsk territorium.

Kort sagt; denne typen kritikk er som snytt ut av nesa på KAF/KUL, den fungerer i praksis pro-sosialimperialistisk og representerer et angrep på den hovedlinja vi alltid har kjempa for, også på 1.mai.

— *Kamp mot all kvinneundertrykking!* På ny er det endel kamerater som vil bytte denne ut med en

mer konkret, 'som ikke er så almen' osv. Det blir til og med sagt at den ikke 'avgrenser' toget nok fra nyfeministene! Kamerater som før 2. år på rad kommer trekkende med dette har lite lært. Poenget er antagelig at de er skeptisk til eller mot å sloss mot *all* kvinneundertrykking, at de sjøl bare syns den som dreier seg om arbeidsplasser og økonomiske forhold er viktig. Men Faglig 1.mai-front skal ubetinga også ta opp den politiske og ideologiske undertrykkinga, inkludert kampen mot prostitusjonen, pornografien, osv. Skal toget 'avgrense seg fra nyfeministene'? Nei! Det bør avgrense seg mot revisjonistisk kvinnepolitikk, som bl.a. endel nyfeministledere står for, f.eks. 'mannen er hovedfienden-tenkninga, støtte til Sovjets 'fredspolitikk' osv. Men forøvrig må det være vår målsetting å mobilisere *mange* som sjøl kaller eller oppfatter seg som nyfeminister til kvinneseksjonen i toget.

— *For et sosialistisk Norge!* Også her spilles endel gamle plater på ny, noen få kamerater krever stadig at 'bare folkets kamp gir seier' må være med i tillegg. Nok en gang: Hvorfor går vi ikke inn for at Faglig 1.mai-front skal bygge på 'For den væpna revolusjonen — for proletariatets diktatur'? Årsaken er at det i *den nåværende situasjonen vil tjene revisjonistene og sosialdemokratene*, gjøre FFF til et reint partitog og reelt svekke vår egen mulighet til virkelig massemobilisering til toget. Dette er etter alt å dømme nær sagt alle enige om. Men er det da noen løsning å legge til 'hele folkets kamp'? Tvert om: Et sånt tillegg fører til at vi ikke bare sier noe om *målet*, sosialismen, vi prøver da også å si noe om *veien* til sosialismen og klassegrunnlaget for den. Og hva sier vi da: jo at 'folket' skal innføre sosialismen og at bare 'folkets kamp' gir seier! Dette er det motsatte av å gjøre det klart at den sosialistiske revolusjonen er en *proletarisk* revolusjon. I stedet for å si noe om proletariatets *allierte*, utnevnes hele folket til ei samlet kraft. Og i stedet for å gå direkte mot den fredelige, parlamentariske veien og slå fast nødvendigheten av væpning og revolusjon blir det alment sagt noe om folkets kamp. Kort oppsummert:

En sann tilføyelse vil endre denne sosialismeparola i klart revisjonistisk retning.

#### Legg vekt på å lage lokale paroler:

Men mange hovedparolediskusjoner har også vist at det fortsatt blir lagt for liten vekt på diskusjonen om utforminga av *lokale* klassekampparoler. Er dette et politisk avvik? Absolutt! Av og til kan det virke som om enkelte kamerater og lag rett og slett er *motstandere* av å ta opp saker som berører arbeiderklassens daglige kår. Mens de vrir og vrenger hue for å finne på et eller annet de kan pirke på når

det gjelder hovedparolene, så er de notorisk uniteressert i å finne ut hvilke lokale paroler som kan reises for å knytte massene en har rundt seg daglig til klassekamptoget.

Noen trur kanskje at de da er 'prinsippfaste' og motstandere av 'økonomisme' osv. Som det er påpekt førte denne høyresekteriske linja ifjor til at Faglig 1.mai-front gikk kraftig tilbake i en av de største byene. I motstandskrigen mot Japan stod KKP og Mao Tsetung for linja med både å lede an i den militære og politiske motstandskampen og samtidig gå i spissen for å ta seg av massenes nære daglige problemer med ris, olje, brensel osv. Stalin slo fast at kommunistene i vesten bare kunne nagle sosialdemokratiet til skampelen dersom de også ble førende i å ta opp arbeidermassenes dagligdagse behov og problemer.

For noen år siden prøvde revisjonisten Arne Nygaardsmoen å angripe vår 1.mai-linje med en utlegning om noe han kalte «Blåsbort Vel». At borettslaget 'Blåsbort Vel' skulle delta i et rødt 1.mai-tog var liksom det tåpeligste denne erkerevisjonisten kunne finne på. Nei, hans linje var å gå 'rein og rød' sammen med Aspengren, Nordli og Rolf Dahl i kampen for 'fred og framskritt.'

Dessverre stikker det en liten Nygaardsmoen i magen på endel kamerater som forsøker å skjule sin høyreopportunisme og sektarisme med litt rødfarge. Men deres uvilje mot å gå aktivt inn for å trekke fram fagforeningas viktigste kampsaker, reise konkrete paroler for et sted å være for ungdommen i distriktet, mobilisere pensjonister til å gå i toget bak egne velferdskrav er egentlig ei linje *mot* å knytte de mange som på ulike områder fører relativt begrensa økonomiske kamper sammen i et rødt tog som er retta mot monopolkapitalen, staten, imperialismen og sosialimperialismen.

Og hvem har sagt at «lokale krav» liksom skal dreie seg om nærmest ubetydelige ting? Ta kameratene i verftsindustrien. Poenget er jo ikke at de skal konsentrere seg om garderobeforholda og kreve utvida dass-pauser. Ei typisk lokal parole her er f.eks. spørsmålet om den planlagte rasjonaliseringa av arbeidsplassene der de jobber, statens finansiering av skipsrederne og storbankene, innskrenkningsplaner osv. For bygningsarbeiderne er «Forbud mot asbest» ei aktuell, hard og god lokal kampparole. I Oslo vil f.eks ei parole mot kommunens kraftige prisøkning på pensjonistmiddagene være et samlende velferdskrav i alle eldre arbeiderbydeler.

#### Lær av fremmedarbeiderseksjonen i Oslo 1976

Utforminga av lokale paroler er det dumt og feilaktig å prøve å henvise til «styret» eller til «eventuelt» på et lagsmøte. Tvert om må vi bruke *masse-*

*linja* når vi skal lage dem. Ofte kjenner vi kort og godt ikke nok til problemene, dvs. at det er nødvendig å organisere et undersøkelsesmøte før vi kan lage paroler som reelt uttrykker massenes behov.

Et eksempel på hvordan dette kan gjøres, og i seg sjøl bidra til mobiliseringa, er fremmedarbeiderseksjonen i Oslo 1976. Den ble da organiert for første gang. De partikameratene som deltok hadde begrensa erfaringer med dette spørsmålet fra før, og kjente heller ikke problema på kroppen.

Det ble først organisert et mindre møte med endel interesserte fremmedarbeidere. Her ble det vedtatt å arbeide for en seksjon av denne typen, og betydninga av å utvikle enheten mellom norske og utenlandske arbeidere ble diskutert. Endel forslag til paroler ble referert, men det ble slått fast at aktivistene blant fremmedarbeiderne sjøl måtte tenke over problema og formulere sine krav.

På ny ble det organisert et tilsvarende møte, og her la ulike kamerater fram en rekke forslag. Det viste seg snart at det ble reist paroler og krav som f.eks. de norske kameratene som deltok ikke hadde skjönt betydninga av på forhånd. Eksempler på dette var dikskriminering av fremmedarbeidere

mht. morsmålsundervisning, skolegang, skatte-spørsmål. Her ble det også foreslått at hovedparola for seksjonen måtte være «Arbeidere i alle land — foren dere!»

Ut fra dette arbeidet ble det så mobilisert til et seksjonsmøte, som var åpent for alle aktivister og fremmedarbeidere en hadde kommet i kontakt med gjennom mobiliseringsarbeidet. Dette var ca. en knapp måned før 1. mai. Parolene for seksjonen ble her referert, kort diskutert og endel ble på ny forbedret. Dette bidro både til å sveise aktivistene sammen og det ga en skikkelig stil blant de som deltok om at Faglig 1. mai-front virkelig var et samlende klassekamptog.

På denne måten bidro utforminga av de lokale parolene i seg sjøl til å mobilisere til 1. mai-toget.

Jeg gjentar redaksjonens ord i forrige nummer av TF: «Å legge vekt på lokale dagskrav og mobilisering etter masselinjas prinsipper er ei forutsetning for framgang for klassekamptoga 1977. De som bryter med slike prinsipper for arbeidet vil ikke få framgang, men oppleve stagnasjon eller tilbakegang.»

Kamerat Hansen

# Styrk Partiøkonomien

## Ny diskusjonsrunde på kontingenten

**Alle partilag skal i vår diskutere kontingenten og fastsette nye kontingentbeløp med målsettinga å auke kontingentinntekta til partiet.**

Frå kontingenten vart diskutert for eit år sida har det vore ein bra framgong med kontingentarbeidet. Det er innført ein sjøloppofrande stil hos mange kameratar som betaler ein høg kontingent og ein stil i laga med å diskutere kontingenten for stadig å drive opp økonomien til partiet.

Økonomien har fått ein viktig plass i partiarbeidet. Vi kan berre peika på at vi på 2 1/2 år har samla inn over 5 millioner kroner og finansiert eit rotasjonstrykkeri

**som no trykkjer Klassekampen. Dette er resultatet av blant anna ein kamp mellom to liner for økonomiarbeidet i partiet. Ei line som opnar for stønad frå staten og at medlemmene skal betale så lite som råd og utan politisk leingi. Mot denne lina har det stått ei riktig marxist-leninistisk line som ser partiøkonomien som det materielle og økonomiske grunnlaget for den politiske verksemda til partiet og ved å basere seg på sjølvberging og ved å mobilisere massane. Denne lina har vunne fram i partiet.**

#### **Innsamlinger og kontingenten, to delar av partiøkonomien**

Økonomien til partiet er ein del av partiverksemda som dekkjer mange områder. Når det gjeld inntektane til partiet (ser bort frå produksjon og salsinntektar) er innsamlingskampanjar og kontingenten dei to viktigaste inntektskjeldene til partiet. Dei er begge ein del av partiøkonomien, men dekkjer ulike områder av verksemda til partiet. Innsamlingskampanjane skal løyse særskilte oppgåver som t.d. innsamlinga til rotasjonstrykkeriet som vart avslutta 1. februar (står berre att at alle fylka går i mål). Det vil kome fleire innsamlingskampanjar. Vi må finansiere valkampen til hausten, andre døme kan vere å styrkje eigenkapitalen til forlaget for å kunne gje ut eit stort tal med klassikarar.

Innsamlingskampanjar må vere eit fast innslag i partiøkonomien for å finansiere særskilte delar av verksemda til partiet.

Kontingenten skil seg frå kampanjane ved at han er den faste inntekta til partiet. Kontingenten skal finansiere drifta av partiet som t.d. verksemda til partileinga, arbeidet med organisasjon, utgjeving av propaganda, og utbyggjing og styrkjing av heile partiet.

Denne verksemda krev ein fast og stabil inntekt heile tida, og den må auke kontinuerlig i takt med at partiet aukar verksemda og aktiviteten sin. For eit parti som byggjer på sjølvberging så må vi ha pengane i handa, alt anna vil vere å leve på kreditt (at andre skal betale for oss) som er i strid med sjølvberginglina. Kontingentarbeidet må derfor ikkje berre finansiere partiet i dag, men må drivast på ein måte så han kan løyse strategiske oppgåver for partiet. Sagt på ein annan måte så må økonomiarbeidet liggje eit hestehovud foran resten av partiverksemda. Derfor må vi halde fast på, og utvikle vidare stilen med å betale høg kontingent og diskutere ukontingentsatsane med jamne mellomrom for stadig å auke kontingenten.

#### **Ny diskusjonsrunde på kontingenten**

Kontingenten skal diskuteraast på nytt med mål-

settinga å auke kontingenten til kvar einiskild. Kameratane må diskutere om dei kan gå opp ein sats eller om dei skal auke innfor den satsen dei alt er i. Det finst og ein tendens til at ein del kameratar har lagd seg alt for lågt i kontingenten, at dei har økonomi til å betale mykje meir enn no. Det er allfor mange i dag som ligg på den lågaste satsen. Denne satsen er fyrst og fremst til for arbeidslause og dei som kjem økonomisk i same situasjon, skuleelevar og husmødre som ikkje har høve til å betale høgare kontingent ut frå familieinntekta eller tilhøva i familien. Studentar t.d. skal normalt liggje minst ein sats høgare.

Det må kollektive diskusjonar til for å fastsette kontingenten, da får vi høve til å fastsette kontingenten etter dei riktige prinsippa og til å papeike at sume kameratar ligg for lågt etter kva for økonomisk evne dei har.

Prinsippet for fastsetjing av kontingent må vere vurdering av den økonomiske evna og at kommunistar skal jobbe hardt og leve enkelt. Dette er prinsipp som er fastslått i vedtektene til partiet. §3 (vedtektene vedteke på 2. landsmøte) som sleg fast pliktane og rettane til medlemmene, seier i pkt. i) «Støtte partiet økonomisk så mye som mulig. Arbeide for en sterk og sjølvberga partiøkonomi.»

Dette krev blant anna at vi ikkje ser på vår eigen økonomi som ei privatsak som ingen annan har noka med. Vidare så må vi ha eit grep om vår eigen økonomi. Dersom det er anarki og spontanisme i økonomien vår, er det uråd å ha stilen med å gje mykje til partiet. I lag som driv eit godt kontingentarbeid har dei innført stilen med å føre rekneskap og planleggje familie/privatøkonomien. På det viset ser vi kva pengane vert brukt til og om vi sløser med pengane. Dette er ein stil som vi vil oppmode alle medlemmene å innføre (Forbrukarrådets Regnskapsbok er brukbar til dette, kan kjøpast i alle bokhandlar for omlag 6 kr.).

Kontingentfastsetjing etter desse prinsippa og med ein sann stil i vår eigen økonomi, vil kunne sikre at partiøkonomien vert sunn og sterk og i stand til å løyse oppgåvene til partiet.

Redaksjonen



## DEBATT

### Svar til Kari

I vårt parti har vi både kollektiv ledelse og personlig ansvar. Mao har behandlet dette i artikkelen «om å styrke ordningen med partiutvalg» fra sept. 48, der han sier:

Alle viktige spørsmål (men selvsagt ike de uviktige, trivielle spørsmål eller slike som alt er avgjort etter drøfting på møter og som bare trenger settes ut i livet) må framlegges for utvalget til drøfting, og utvalgsmedlemmene bør framlegge sine synspunkter fullt ut og nå fram til bestemte vedtak, som deretter bør settes ut i livet av de medlemmer det faller inn under... Partiutvalgsmøtene må deles opp i to kategorier, møter i faste komiteer og plenumsmøter — og en må ikke blande disse i hop. Videre må vi sørge for at verken kollektiv ledelse på den ene side eller personlig ansvar på den annen side overdrives, slik at den ene av dem lider under det. I armeen har den som innehar kommandoen, rett til å ta av-

gjørelser i nødsituasjoner under kamp og når omstendighetene krever det.

Om å styrke ordningen med partiutvalg  
(20. september 1948)

Dette betyr bl.a. at enhver kader har ansvar for det han/hun gjør — og at dette personlige ansvaret gjelder uansett om kaderen er leder for et område eller om han/hun er vanlig medlem. I alt arbeid vi gjør, avissalg, artikkelskriving, frontarbeid osv., er vi partiets kader og plikter å slåss for partiets linje, for marxismen-leninismen-Mao-Tsetungs tenkning.

Det betyr å studere og utvikle linjer — og det er enhver kaders plikt å gjøre dette. Nå hender det selvfølgelig ofte i en kadå ikke stemme overens med partilinja. For å rette opp dette, benytter vi våpenet med kritikk og sjølkritikk — metoden med ideologisk kamp, slik at kaderen får anledning til å korrigere politiske/ideologiske feil.

I motsetning til dette oppfatter jeg «Kari» i desember TF slik: Partiledelsen har alt ansvar og derfor all skyld når en feil begås

— den underordna kaderen (i dette tilfelle kamerater som jobber med kvinnespørsmål) er bare et lydige redskap som blindt utfører ordre, og som derfor er ansvarsløs.

I kvinnepolitikken har arbeidet som har vært gjort blitt vurdert, og vi kan blant annet konkludere med at for det første har det vært grove avvik fra den demokratiske sentralismen som har ytret seg slik:

a) ledelsen for arbeidet har i stor grad ligget hos «kvinnekaderene» aleine, utafør de vanlige kommandolinjene; og både ledelsene for de ulike plan og «kvinnekaderen» har godtatt denne tillegale tilstanden.

b) I mange tilfelle har i det minste ledelsen for kvinnearbeidet utvikla linjer for politikk og taktikk på tvers av gitte direktiver og derved brutt den demokratiske sentralismen. (For eksempel i fjor og i år 8. mars).

For det andre har vi gjennom lengre tid sett avvik i politikken og det organisatoriske arbeidet i kvinnepolitikken fra de kvinnene som faktisk har leda og drevet dette arbeidet. Hvem skål da kritiseres? «Partiet»? Men hvem

er det? Er ikke vi alle partiet — og er ikke vi partiets folk når vi jobber? F.eks. artikkelen i RF 2/74. Hvem skal kritiseres? For det er da vitteleg riktig at endel av linjene i den artikkelen må kritiseres, for at *partilinja* på oppkomsten av og grunnlaget for kvinneundertrykkinga skal kunne spikres fast?

Ja, da synes jeg det er nokså enkelt at jeg som den *ansvarlige* for den artikkelen skal kritiseres i dette tilfellet. Det er heva over tvil at jeg har stått for linja i den artikkelen, derfor er det *riktig* og nødvendig at jeg får den kritikken, — hvordan skulle jeg ellers få sjansen til å endre meg? Kritikken viser meg at jeg har studert klassikerne sjuskete og overflatisk, og isteden innført min egen småborgerlige ideologi: når *hovedpoenget* blir at *monopolkapitalen* har fravristet kvinnene muligheten til å arbeide,

ja, da ligger det snublende nær å si at f.eks. akademisk utdanna kvinner som meg som jobber og driver politikk og har en noenlunde grei ektemake, ja, da er man vel egentlig frigjort? Dette er å overse det nederlaget som rammet *hele* kvinnekjønnnet og som gjorde oss *alle* til annenrangs samfunnsborgere — og det er å «glemme» *klassestandpunktet* i denne kampen.

Slik ser jeggrunnlaget for noen av feila i den artikkelen. *Den* artikkelen har i tillegg stått som «lærebok» for mange av de jentene som har drevet kvinnepolitikk — og feila er derfor desto alvorligere, for de har fått konsekvenser langt utover mitt eget peronlige arbeid som kommunist.

Nå er det sikkert slik at mange kamerater har vært enige i artikkelen, og det er derfor opp til de kameratene sjøl å studere linja og fjøre opp med disse feila. Men

«arkitekten» for linja er *en* kamerat, derfor skal den ideologiske kampen reises mot henne.

Jeg synes Kari gjør et veldig grovt avvik når hun vil trekke ansvaret vekk fra den/de kadre som faktisk gjør feil, og over til ei eller annet ullent «partiet» (er det partiledesen du mener?) som skal ha skylda.

Men jeg mistenker henne for å gjøre enda et avvik, ettersom hennes «forsvar» kommer spesielt for kvinnekaderen: hun under vurderer *kvinnens* evne til å stå for ei linje og tale kamp og kritikk for det de gjør. Og *det* er grov kvinneundertrykking!

I partiet er «menn og kvinner like, det menn kan gjøre, kan kvinner gjøre også», også det å ta ansvar for sitt arbeid som kommunist!

Jeg oppfordrer herved Kari — og andre som mener det samme som henne — om å svare!

Tom side